

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse gav slikt svar:

## **Svar på spørsmål frå representanten Tomren (MDG) om varslingsrutinar**

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse viser til spørsmål frå representanten Tomren (MDG) til møtet i Hovudutval for opplæring og kompetanse 2. juni 2020.

### **Spørsmål om varslingsrutinar**

I tidlegare Hordaland fylkeskommune hadde vi ei varslingsordning for tilsette som låg under fylkesrådmannen. Dette kan medføre frykt hos tilsette for å varsle om kritikkverdige forhold ved arbeidsplassen sin. Svært mange av fylkeskommunen sine tilsette jobbar ved opplæringsinstitusjonane våre. Har det blitt gjort noko for å sikre at varslingsordninga for tilsette er uavhengig av fylkesrådmannen etter fylkessamanslåinga til Vestland?

Helsing Pauline Tomren, MDG

### **Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:**

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse har innhenta følgende informasjon frå leiar HR HMS og kvalitetsstyring i Organisasjons- og økonomiavdelinga:

«Varslingsordninga som er etablert for Vestland fylkeskommune bygger på krava i Arbeidsmiljølova, og på verdien av ein open organisasjonskultur med låg terskel for å varsle.

Det er nedfelt ein rutine for varsling som tok utgangspunkt i tilsvarande rutine for Hordaland fylkeskommune. Rutinen er drøfta med dei tillitsvalde og deretter publisert i det nye kvalitetssystemet i februar 2020.

Skriftleg varsling skal helst skje elektronisk via avviksmodule i kvalitetssystemet. Varslinga går då til eit eige Varslingsutval, som er uavhengig av fylkesrådmannen og toppleiargruppa. Utvalet er samansett av tre arbeidstakarar utan leiarposisjon i fylkeskommunen. Som sekretær for utvalet fungerer seksjonssjef for juridiske tenester i Organisasjons- og økonomiavdelinga.

Dersom varslaren ønskjer å vere anonym, vil namnet ikkje vere tilgjengeleg for nokon tilsette i fylkeskommunen, heller ikkje for varslingsutvalet.

I det nye intranettet til fylkeskommunen vil ein kunne finne link til ei eiga side om varsling med nærare informasjon om ordninga. Deretter vil ein kunne klikke på ein link for å kome direkte inn i skjema for varsling. Informasjonssida om varsling er noko mangelfull, og er under bearbeiding.

Eit midlertidig problem er at dei tilsette ved skulane ikkje har tilgang til det nye intranettet, og derfor må gå direkte til kvalitetssystemet for å varsle, utan den informasjonen som ligg på intranettet. Dette vil verte retta opp når dei skuletilsette får oppjustert sine PC-ar i løpet av sumaren 2020.»